



Kinico AS
Vilhelm Bjerknes' vei 58A
5081 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6485 - 23/77823

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
06.10.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 1/61 Flatøy

Tiltak: Bruksendring m.m
Byggjestad: Gbnr: 1/61
Tiltakshavar: Ali Mekki
Ansvarleg søkjar: Kinico AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om ferdigattest 29.09.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Vi har fått melding frå Stab og støtte/Samferdsel, veg, vatn og avløp – forvaltning om at det ikkje er søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for anneks. Før kommunen kan gje ferdigattest for tiltaket må det liggja føre godkjend tilkoplingsløyve. Søknad må sendast inn av godkjend rørleggarføretak. De kan gjerne opplysa i søknaden om annekset skal fungera som eiga brukseining eller skal inngå i hovudbrukseininga.

For ytterlegare informasjon sjå: [Alver kommune - Vatn og avløp](#)

Spørsmål om søknad om tilkopling kan rettast til Stab og støtte.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **31.12.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til behandling ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ali Mekki

Kalfarveien 80

5022

BERGEN

Mottakarar:

Kinico AS

Vilhelm Bjerknes' vei 58A

5081

BERGEN